

Frå dansketid til union med Sverige

Mål i følgje læreplanen:

- *Finna døme på hendingar som har vore med på å forma dagens Noreg, og reflektera over korleis samfunnet kunne ha vorte dersom desse hendingane hadde utvikla seg annleis*
- *Presentera viktige utviklingstrekk i norsk historie på 1800-talet, og første halvdelen av 1900-talet, og forklara korleis dei peikar fram mot samfunnet i dag*

Delmål:

Finna døme på hendingar som har vore med på å forma dagens Noreg
Presentera viktige utviklingstrekk i norsk historie på 1800-talet

Du skal kunna fortelja om korleis Noreg gjekk frå dansketid, til eigen grunnlov i 1814 og union med Sverige

Stikkord:

- Korleis den norske nasjonalkjensla vaks fram
- Kielfreden i januar 1814
- Riksforstamlinga på Eidsvoll
- Usemja mellom Sjølvstendepartiet og Unionspartiet
- Vegen fram til signeringa av den nye Grunnlova 17. mai 1814
- Inspirasjonen frå opplysningsfilosofane og den amerikanske og franske revolusjonen
- Korleis Noreg kom i union med Sverige
- Korleis Grunnlova er i dag

Reflektera over korleis samfunnet kunne ha vorte dersom desse hendingane hadde utvikla seg annleis

Du skal kunne legge fram dine tankar om korleis du trur det hadde godt i Noreg dersom

- Kristian Fredrik ikkje hadde godtatt freden i Kiel
- Noreg ikkje hadde skrive under Mossekongvensjonen
- Sverige ikkje hadde godkjent den norske Grunnlova

Presentera viktige utviklingstrekk i norsk historie på 1800-talet, og første halvdelen av 1900-talet, og forklara korleis dei peikar fram mot samfunnet i dag

Du skal kunne forklare korleis den nasjonalkjensla som vaks fram på 1800-talet saman med det som skjedde i 1814, har vore med å skape det samfunnet og det styresettet me har i Noreg i dag.

Hjelp til å nå måla:

- Lærarforedrag
- Oppgåveløysing (sjå under)
- Kosmos 8 kap. 6 og andre bøker som blir lagt i klasserommet.

Vurdering

- **Gruppesamtale med lærar (munnleg vurdering)**

Ei samtale med lærar i ei mindre gruppe der du blir stilt spørsmål innanfor måla over. Det er viktig at du tenkjer over at du både kan presentera, reflektera og forklare.

- **Intervju (skriftleg vurdering)**

Du skal skrive eit intervju med Kristian Fredrik før han reiste frå Noreg hausten 1814. Forsøk å få fram flest mogleg av dei hendingane som skjedde rundt 1814. (Kvífor han var i Noreg, Kielfreden, bakgrunnen for Eidsvollforsamlinga, Grunnlova, krigen med Sverige, Mossekonsvensjonen, unionen med Sverige osb.)

Intervjuet er eit individuelt arbeid som skal skrivast på pc. De kan hjelpe kvarandre, men kvar og ein skal levera eit sjølvstendig arbeid.



Tid

- Gruppesamtalene: Frå slutten av veke 16 og i veke 17
- Intervju: Innleveringsfrist 28.april

